

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 23.01.2015

SAKLISTE

- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- GODKJENNING AV GBNR. 15/250 MFL. EIVINDVIK. REGULERINGSPLAN FOR GANGSTØKLUBBEN MIDTUNVÅGEN
- GODKJENNING AV GBNR. 91/31, 91/34, 91/114, 91/115 MJØMEN, 92/4 NAPPEN. REGULERINGSPLAN KVERNEVÅGEN
- OPPFYLLING AV PROSJEKT BYGDEUTVIKLING FOR DALSYRA
- OVERORDNA ROS-ANALYSE - REVISJON 2015
- OVERFØRING AV SKATTEOPPKREVERFUNKSJONEN FRÅ KOMMUNANE TIL SKATTEETATEN. HØYRING
- OMFORDELING AV PRESTERESSURSANE I NORDHORDLAND PROSTI. HØYRING. UTTALE FRÅ GULEN KOMMUNE.
- PLAN FOR GJENNOMFØRING AV KOMMUNEREFORMA I GULEN KOMMUNE

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl.11.30
Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: www.gulen.kommune.no
Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal
Ordfører

Kunngjering - budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018

Budsjett for Gulen kommune 2015 og økonomiplan 2015–18 vart vedteke i kommunestyre 11.12.2014. Detaljinformasjon om budsjettet finn du på kommunehuset eller www.gulen.kommune.no

Nye betalingsattsar for 2015

Kommunestyret vedtok 11.12.2014 nye sattsar for gebyr, avgifter osb. Detaljinformasjon om dei nye sattsane finn du på kommunehuset eller www.gulen.kommune.no



FRILUFTSLIVETS ÅR

Regjeringa har utpeikt året 2015 til friluftslivets år. I Gulen, som i heile landet elles, gjekk startskotet på dette frå 13. til 14. januar, der ordførarane i heile landet vart utfordra til å sove ute ei natt.

Ordfører Hallvard S. Oppedal tok utfordringa, og ungdomsskuleelevar og ein del vaksne vart også med. Det var Ytre Sogn Turlag som tok initiativ til dette.

Vidare i 2015 oppmodar Gulen kommune folk i alle aldrar til å finne på eigne arrangement og melde dei inn til kommunen slik at vi kan hjelpe til med blesting av dei ulike arrangementa. Ytre Sogn Turlag har allereie meldt at dei kjem til å kome med eit stort antal arrangement i løpet av året! Her er det berre fantasien som set ein stoppar for kva ein kan finne på. Små som store arrangement, på land eller i det våte element.

Ha eit flott friluftsår i 2015!

Gulatingsprisen 2014 til Knut Helle

Gulatingsprisen for 2014 vart tildelt Knut Helle. Helle er professor i middelalderhistorie ved Universitetet i Bergen. Han har hovudfag i norrøn filologi, dosent i middelalderhistorie ved Historisk institutt ved Universitet i Bergen sidan 1963 og professor same stad sidan 1973.

Han har i mange år hatt serleg interesse for Gulatinget og den historiske arven som ligg her. Nasjonale styresmakter bad i si tid Knut Helle om råd om kvar den autentiske tingstaden kunne liggje, og Krossteigen i Eivindvik peika seg ut som svaret på dette. Knut Helle si bok om Gulatinget er rekna som sjølve basisverket om tingstaden.

Informasjon frå barneverntenesta

Frå 01.01.2015 er barneverntenester i Gulen og Masfjorden samlokaliserte på Hosteland. Samlokaliseringa er i eit prøveprosjekt på eitt år. Vi har same telefonnummer og emailadresser som før. Vi vil òg ha gjestekontor på kommunehuset og utekontor i dei ulike sonene etter avtale, slik som tidlegare.

Besøksadresse blir: Barneverntenesta i Gulen og Masfjorden, Fensfjordvegen 621, 5986 Hosteland

Postadressa vår blir: Barneverntenesta i Gulen, Postboks nr 7, 5987 Hosteland

Godt nyttår frå Jane Hesjedal, Anne Marit Oppedal og Heidi Beinnes.

Plan-nytt

Nærare informasjon finn du på www.gulen.kommune.no/planar-og-prosjekt

I dag pågår 13 arealplanar, blant anna følgjande:

Reguleringsplanar

Til godkjenning i kommunestyre 23.01.2015
2011004 Kvernevågen, næring og hyttefelt
2014001 Gangstøklubben, Eivindvik

Planforslag 1. gongs høyring 27.02.2015:
2010008 Nappen hyttefelt, Mjømna

Planarbeid pågår

2008001 Taskebotn hytter
2009005 Dingeneset sør hyttegrend
2011001 Storevågsneset, Brandanger
2012003 Øvre Stølen I,II,III, endring
2013003 Gulen industrihamn, reguleringsendring
2014002 Brandanger gbnr 75/1,3,5 spreidd bygg
2014003 Veg Skipavika – Brandangerbrua Fv4

Planoppstart, høyring

2014004 Mjømna bobil camp og Båttferie, høyringsfrist 16.01.2015
2014005 Prestesundet bustader, Eivindvik, høyringsfrist 30.01.2015

Planoppstart, førebuing varsel med planprogram pågår:

2014006 Oppdrettsanlegg Ortneset, Brekke

Anna plan-nytt

Høyring vedk. regionale planar for vassregion Sogn og Fjordane, frist 31.03.2015.

Prosjektnytt

Mulighetsstudie for bygdeutvikling for Dalsøyra og idrettspark. Sjå studierapport og analyser/visjonar på heimesida.

Utarbeiding 20 prioriterte trafikktryggingstiltak. 3 søknader er sendt, busstopp Byrknes skule, gangveg Dalsøyra og snuplass Mjømna kai. 6 Fartshumpar Fv4 Furenes er utført.



UKM i Gulen 2015

Er du ungdom frå 10-19 år? Har du eit ynskje om å stå på ein scene og framføre noko? Syng du eller spelar du eit instrument? Teiknar eller målar du? Kunne du tenke deg å danse eller framføre skodespel? Er du glad i å fotografere eller å filme? Vil du vere med på den lokale Ungdommens kulturmonstring i Gulen?

Sett av **fredag 6. februar frå klokka 19.00** og utover. UKM vert også i år arrangert på Dalsøyra samfunnshus. Etter arrangementet vert det diskotek. Det vil òg vere litt sal av mat.

Påmelding: Gå inn på Ukm.no og finn den lokale sida der. Har du problem med å finne ut av det? Ta kontakt med kulturkonsulent Silje Namtvedt på e-post: silje.namtvedt@gulen.kommune.no eller telefon 988 30 474.

Sal av annonseplass

Gulen kommune sel annonseplass i den kommunale informasjonsavisa.

Pris kr 450,- for ¼ side, kr. 900,- pr. halvside, kr. 1800,- pr. side.

Kommunen tek atterhald om å redigere innhald og eventuelt ikkje tek innspel med dersom det er plassmangel.

For annonseplass ta kontakt med ekspedisjonen tlf. 57 78 20 00, eller postmottak@gulen.kommune.no

Tusen takk for minnegåver til Byrknes Bu og Omsorgssenter i 2014.

Mvh bebuarar og personale